



DET KONGELIGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Deres ref

Vår ref

Dato

18/1368-2

6. april 2018

## Ny organisering av fagskolesektoren i departementet og ved ministerpostane

Vi viser til brev av 15.02.2018 frå Hordaland Fylkeskommune til Kunnskapsdepartementet.

I den nye organiseringa av Kunnskapsdepartementet ligg ansvaret for høgare yrkesfagleg utdanning (fagskoleutdanninga) i avdelinga *Vidaregåande opplæring, fagskole og kompetansepolitikk*. Tanken bak ei slik organisering er at fagskoleutdanninga skal sjåast i samanheng med kompetansepolitikk. Det er tatt omsyn til at både kompetansepolitikken og fagskolane no treng mykje merksemd på utvikling. Det gir derfor meirverdi å sjå dei i samanheng.

Avdelinga *Vidaregåande opplæring, fagskole og kompetansepolitikk* skal bidra til ei politikktviking som finn gode løysingar på samfunnsproblem som fråfall i vidaregåande opplæring, vaksne med svake dugleikar, korleis utvikle og mobilisere kompetansen til befolkninga, betre overgangar mellom utdanningsnivåa m.m. Det er naturleg å sjå fagskolesektoren i samanheng med desse politikkområda, for best mogleg å tilpasse fagskoleutdanninga til kompetansebehovet i arbeidslivet. Dette er eit arbeid som krev mykje samarbeid med dei andre avdelingane i Kunnskapsdepartementet, særskilt avdelingane med ansvar for høgare utdanning og forskning.

Med vennleg helsing

Marius Seljedal (e.f.)  
avdelingsdirektør

Ingvild Gausereide Jacobsen  
førstekonsulent

Postadresse  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse  
Kirkeg. 18  
www.kd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
872 417 842

Avdeling

Saksbehandler  
Ingvild Gausereide  
Jacobsen  
22 24 74 91

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*